



Systrene Nilsen har hatt ein ny stor kveld og natt sjølv om også natt til fredag var travel. Natt til idag var det fullt hus att med rundt 135 gjester inne og ute under ein vanleg pubkveld og fleire er det definitivt ikkje plass til samla sett.

Også denne gongen kom gjestene frå det meste av Kvinnherad - frå Sunde til Mauranger. Innrykket toppa seg rundt midnatt då det bygde seg opp ei kø som ikkje var heilt avvikla før etter ein time.

Såvidt uskedalen.no kunne registrera hadde dørvakta ikkje problem med å løyse den tildels vanskelege oppgåva si.

Av Ola Matti Mathisen